



PLAN FOR KVALITETSUTVIKLING 2011- 2012

DEL 1. ÅRSRAPPORT 2010/2011

Vurdering av satsingsområda i verksemdsplanen:

1. Lesing – leseopplæring og lesing for å forstå/språk og språkstimulering:

- * Personalet meir medvitne etter lesekursing og har auka kompetansen monaleg
- * Praktiserer lesing i alle fag og det gjev gode resultat. I 1. – 3. kl. er 11.1% av elevane under kritisk grense. Målet var mindre enn 20%.
- * Har fått til auka bruk av språkstimuleringsstiltak i barnehagen og aldersblanding der små lærer av større.
- * Faste høgtlesingsøkter m/samtale i SFO. Fremjer språket og læringa.

Konsekvensar og vidare forbetringar:

- ☒ Ta i bruk eit større utval hjelpemiddel og utvida bruken av kartleggingsverky som LESELOS.
- ☒ ”Mengdelesing” held fram – stillelesing, leseprosjekt og lekselesing o.a. Alle elevane vert høyrde.
- ☒ Boklånet må auka til neste år. Dette året har vore prega av omleggjing av bibl. systemet.
- ☒ B.hagen konsentrerer fokus på språk i ein fagleg samanheng. Personalet arbeider svært medvite og nyttar aldersblanding som ressurs. Fleire framføringar i barnegruppa.
- ☒ SFO utvider økta med ”boka i sentrum”. Aukar litteratur tilfanget.

2. Sosial kompetanse:

- * ZERO-programmet har vore gjevande og interessant og har halde fokus på adferd gjennom heile året. Har vore eit gode både for heim og skule, barnehage og SFO. Prismessig noko dyrt.
- * Har gode røynsler med God framferd-plakaten, Zippys vener og Lions Quest-programmet. Dei yngste elevane arbeider fast med dette. Lærarar og heimane er tilfredse med form, innhald og utbytte.
- * For lite tid til månadlege refleksjonar om framferd saman med elevane.
- * ”Tonen” er god mellom elevane.
- * Barnehagen arbeider medvite med sosial kompetanse, og aldersblanda grupper, gode rutinar i faste dagsrytme har gjeve gevinst.
- * SFO har Zero som skulen - med positiv utvikling. (Jfr. Undersøkjinga våren 2011 trivsel 5.09)

Konsekvensar og vidare forbetringar:

☒ Undersøkjinga våren 2010 synte at 25% av elevane følte seg mobba ein gong i veka eller meir.

Det er eit høgt tal som gav grunn til uro.

Resultatet av 2011 undersøkjinga er ennå ikkje heilt klar, men det er venta ei monaleg forbetring. Norm i landet er om lag 8%, men me forventar eit lågare tal enn det. 5. – 7. kl. har svara digitalt og her er det 8,3% som svarar at dei vert mobba ofte. (1 elev) Dette grip skulen tak i straks og etter prosedyre kjent gjennom ZERO.

0% mobbing i framtida er arbeidsmålet! Arbeidet held fram etter eigen Zero-plan og årlege undersøkjingar. Elevrådet er viktig i samspelet.

☒ Barnehaugen og SFO vil halda fram arbeidet som er starta og knyta det opp mot Zero.

3. Læringsresultata:

* Skulen hadde som hovudmål å heva resultata jamt over i faga og totalt sett ha mindre enn 20% av elevane under kritisk grense. Prøver som er haldne i løpet av året syner at målsetjinga langt på veg er nådd. I rekning 1. – 3. trinn er ingen under grense, medan lesinga syner 1,8% på 1. trinn, og 11% under både for 2. og 3. trinn. Nasjonale prøver på 5. trinn har ikkje hatt den ønskja framgangen, men her er utvalet svært lite. 7. årssteg syner fin framgang i lesing med 9,9% under kritisk grense.

* Skulen sit igjen med resultat på dei innrapporterte prøvene som ein er relativt godt nøgd med.

Konsekvensar og vidare forbetringar:

☒ skulen må ta grep og førebu elevane svært godt før dei Nasjonale prøvane hausten 2011 med øving og drilling.

☒ ein må sjå til å halda trykket på lesing for alle stega.

☒ målsetjinga om færre enn 20% av elevane under kritisk grense må stå ved lag.

Meir om læringsresultata i tillegg til verksemdsplanen.

DEL 2. STRATEGIDELLEN 2011 - 2014

VISJON: Kunnskapstileigning i eit trygt oppvekstmiljø.

Vasshus skule og barnehage vil arbeida i samsvar med Klepp kommune sin visjon for skule og barnehage og det elev- og læringssyn som der kjem til uttrykk. Likeeins vil ein følgja opp dei nasjonale føringar og satsingsområde.

Skulen arbeider og i samsvar med Klepp kommune sine forskrifter om beredskap, HMS-arbeid og Kvalitetssystemet i skule og barnehage.

Hovudmålet for dei komande åra er at skulen skal : **1.halda fast på eit triveleg og positivt skulemiljø, 2.auka læringsutbytte for elevane og 3. ivareta dei nære relasjonane til heimane.**

Elevtalsutviklinga.

I perioden som ligg føre vil det verta ein liten auke i elevtalet, som då vil nærma seg 70. (2015/16 – 71 elevar) Barnetalet i barnehagen vil truleg og halda seg stabilt på litt over 20 – ein avdeling).

Ein er ikkje framand for at elevtalet kan aukast monaleg om kringsgrensene vert oppheva og elevar frå Nordhellet byggjefelt/Verdalen får Vasshus som skulestad. I tilfelle vil det verta behov for ei lita ombygging.

Med det gode og veileigna uteområdet/naturområdet som skulen disponerer, vil det og vera rom for nybygg barnehage her – 4 til 5 avdelingar.

Kompetanse/rekruttering.

Barnehagen har ei relativt stabil personalgruppe. Det er ønskeleg med fleire førskulelærarar om det vert utviding. Inneverande år har barnehagen hatt ein mannleg vikar. Det har verka positivt på verksemda/aktivitetane og borna. Om mogeleg bør ein søkja etter mannlege i barnehagane. Skulen er godt dekkja med ulike fagpersonar og har no og sikra seg kompetanse innan adferd, (ZERO) spes. ped. og rettleiing. I arbeidet med vurdering vil det verta eit samarbeid med personalet på Horpestad og Bore u. skule. Personalgruppa vil ta del i kurs om klasseleiing frå hausten 2011.

SATSINGSOMRÅDE – a) BARNEHAGEN:

1.Vidareutvikla arbeidet med språkstimulering.

MÅL: Ved hjelp av progresjonsplanen få sett språk og språkstimulering i system

TILTAK: Bruka ulike medodar i språkstimuleringsarbeidet. Nytt m.a. drama, aldersblanda grupper og musikkfaget.

2. Sikra rask oppdaging og tidleg hjelpeinnsats for born som treng det.

MÅL: Halda fram det gode samarbeidet med PPT, og bevisstgjera personalet til å ha "eit levande blikk".

TILTAK: Faste møte med PPT og ressursgruppemøter. Personalet nyttar samspelsobservasjon.

3. Sikra at borna får læra på mange måtar

MÅL: MI for grunnlag for planleggjing og arbeidet

TILTAK: Ta i bruk det fysiske miljø som ”den 3. pedagog. Nyttå refleksjonsøtker omkring temaet medtanke på forbetringar.

4. Arbeid med antal, rom og form

MÅL: Utvikla og styrkja talforståinga hjå borna.

TILTAK: Ta fagområdet med i planleggjing og gjennomføring av dei mange ulike aktivitetar. Bruka leiker, bøker og konkrete ute og inne for å auka forståinga på fagfeltet..

5. Tilby alle born eit mobbefritt og aktivt læringsmiljø – sosial kompetanse

MÅL: Det skal vera null toleranse for mobbing.

TILTAK: Auka fokus på sosial kompetanse og arbeida vidare med det fysiske rom som læringsarena. Alderstilpassa opplegg, autoritative vaksne. Dei vaksne fokuserer på aktivitetene og ”grip augneblinken”.

SATSINGSOMRÅDA – b) SKULEN:

1. Betra læringsresultata i skulen

MÅL: Alle elevane skal hevast i kjernefaga der tilhøva ligg til rette for det.

5. årssteg skal ha eit resultat på nivå 2,0 eller betre i Nasjonale prøver matte, norsk og engelsk.

TILTAK: Gje optimal tilpassa opplæring gjennom MI/ læringsstrategiar, og ved å la elevane jamnleg få utfordrande prøver/testar der dei opplever meistring. _

2. Ta i bruk It´s learning.

MÅL: Skulen har innført programmet i perioden for 5. – 7. trinn.

TILTAK: Alle lærarane nyttar programmet i samband med lesekurs og leseplan for kommunen. Elevane løyser enkelte oppgåver med hjelp av it´s learning.

3. Ha fokus på leseopplæring og lesing for å forstå.

MÅL: Halda oppe presset /konsentrasjonen på innlæring og arbeidet med faget.

Sjå til at elevane aukar leseugleiken.

TILTAK: Medvite arbeid med lesinga med hjelp av leseplan og leselos. La elevane lesa mykje og ofte. Jfr. Leseplan for Klepp kommune.

4. Tilby born og unge eit mobbefritt og aktivt læringsmiljø.

MÅL: Ein skule fri for mobbing. Programmet vårt er ZERO.

TILTAK: Følgja skulen sin vedtekne Zero-plan. Årlege undersøkingar og oppfølgjingar. (sjå planen.)

5. Arbeida vidare med vurdering for læring.

MÅL: Skulen finn fram til gode objektive kriterier for vurdering for læring som alle i lærargruppa forpliktar seg på.

TILTAK: Litteraturstudier, drøftingar/refleksjonar i kollegiet. Utprøvingar og vidare diskusjonar. Samarbeid med Horpestad skule og Bore ungdomsskule. (Har vore felles møte allereie)

6. Matematikk og forståing for faget.

MÅL: Frå april 2012 vil satsinga vera i gang.. Auka elevane sitt læringsutbytte innan faget. Heva kompetansen til lærarane.

TILTAK: Personalet vert kursa eksternt og internt. Elevane arbeider meir intensivt i klasserommet med faget og mange ulike metodar og læremidlar vert tekne i bruk. Jammlege prøver/testar for å sjå etter ønskja effekt.

DEL 3. VERKSEMDSPLANEN 2011- 2012

Planen syner 4 prioriterte utviklingsområder: Lesing/språk – sosial kompetanse, læringsresultat og matematikk/talforståing.

Både skule, *barnehage* og **SFO** går inn i planoversynet.(b.hagen i mindre grad vedk. læringsresultat)

1. LESING OG SPRÅK I B.HAGEN

Mål/hensikt	Tiltak	Ansvar	Milepæler	Evaluering
1.Ha fokus på lesing og leseforståing	Lesing i alle fag og testar/prøver i basisfa	Lærarar kl.kontakt og rektor	Jamnlege kontrollar - også eksternt	Haust 2011 og april/mai 12 av lærar, elev, foreldre, pl.gruppa
2. Auka kompetanse om og av lesing i kollegiet	Bruka leseplanen og leseles lærargruppa, assistentar (skule og SFO)	Rektor og teamleiar	Møter, samlingar gjennom skuleåret	Refleksjonar i plangruppa og team våren 2012 (<i>utvikl.samtalen</i>)
3.Biblioteket – ein læringsarena. Auka utlånet av bøker.	Opplæring i bibl. Leseprosjekt Lesing i alle fag Bokpresentasjon	Bibliotekar og kontaktlærar	Samtale og kontroll av biblioteaktivitet halvårleg	Kvartalvis oppsummering og refleksjon om boklån/lesing
4.Mindre enn 20% av elevane under kritisk grense	Lesestrategiar, leseforståing Prøver, testar Mengdelesing	Kontaktlærar	Vurdering av framgong og ev. hjelpetiltak etter prøver	Resultata vert drøfta med foreldre, elev, kollegiet – haust 2011, vår 2012
5. Styrkja språk-opplæring og språkstimulering i barnehagen	<i>Fokus på lesing og språk i ein fagleg samanheng Framføringar.</i>	<i>Ped.leiar og personalet i b.hagen.</i>	<i>Oppsummeringar jamnleg</i>	<i>I personalmøte og i fellessamlingar styrargruppa Vår 11 og haust 12</i>
<u>7. Lesetid og ”boka i sentrum” i SFO</u>	<u>Tid avsett til arbeid med lesetrening</u>	<u>Rektor og dagleg leiar i SFO</u>	<u>Samtale mellom borna og leiar annankvar</u>	<u>Haust 2011 og vår 2012. Rektor og</u>

månad.

dagleg leiar.

2. SOSIAL KOMPETANSE – ZERO programmet.

Mål/hensikt	Tiltak	Ansvar	Milepælar	Evaluering
HOVUDMÅL: Ingen mobbing i skulemiljøet	Alle nivå i skulen arbeider aktivt med ZERO Handlingsplan.	Rektor, ressursgruppa	Kontinuerlege evalueringar	Spørjeundersøking sept. 2011 Resultata vert drøfta i elevråd, FAU, kollegiet og S.U.
DELMÅL a) Gode klassemiljø	Forpliktande klassereglar	Kontaktlærer	Påminning så ofte det er nødvendig	Handlingsplan vert teken i bruk. Denne vert evaluert av elevar, tilsette og foreldre årleg. Mai 2012.
b) Leikearenaer med stor trivsel	Tilpassa og romslege leikeområde under kontroll av vaksne	Alle vaksne og elevrådet		
c) Heim- skule og barnehage arbeider etter same verdiar (ZERO)	Fau deltek aktivt i ZERO			
d) Elevrådet arbeider aktivt mot mobbing	Elevrådet finn gode og hensiktsmessige aktiviteter.	Kontaktlærer i elevråd og elevrådet	Har mobbing på saklista kvar måned.	Avdekking vert varsla straks. Eigne Zero-prosedyrar.
Mål gjeld for skule, barnehage og SFO	<i>Tiltaka gjeld for skule, barnehage og SFO</i>			

3. HEVA LÆRINGSRESULTATA. – (Barnehagen i mindre grad.)

Mål/hensikt	Tiltak	Ansvar	Milepælar	Evaluering
Alle elevane har eit dokumentert betre res. på testar i høve til i fjor.	Intens og målretta læringsarbeid der metodevariasjon og mengde er med. Vurdering for læring som skaper god motivasjon og godt læringsmiljø	Rektor og kontaktlærer	Veketest/prøver av ulike slag	Halvårleg og ved elev og foreldresamt. H 2011 og v 2012 Individuelle omsyn må takast.
Elevane på 5. trinn har eit snitt på 2.0 eller betre på N.P. i norsk, rekn. og engelsk	God førebuing til prøvane	Kontaktlærer	Prøvedagen og i oppkjøringsfasen	I kollegiet og FAU. Hausten 2011.
Testres./kartlegg. prøv skal vera over gj.snittet for Klepp kommune	Målretta arbeid med læringsstrategiar	Rektor og kontaktlærer	Kommunale kartleggjingsprøver/statlege testar	Halvårleg evalueringar Jfr. Utvikl.samtalen 2012.
Færre enn 20% av elevane er under kritisk grense på kartlegg. prøver	Som nemn i punkta over	Kontaktlærer og rektor	Prøvane Haust og vår.	Reflesjonar i kollegiet i etterkant av prøvene (Lærande org. mønster)

4. MATEMATIKK/TALFORSTÅING -skulen frå mars/april 2012

Mål/hensikt	Tiltak	Ansvar	Milepælar	Evaluering
Kompetanseauke i personalet	Kurs internt og eksternt	Etatskontoret og skulen v/rektor	Oppsummeringar i plangruppa, leiargruppa og kollegiet	Juni 2012 og hausten 2012
Kunnskapsnivået og forståinga til elevane vert styrka	Utvida metodebruk, materiell og utstyr som aukar forståinga. Tilpassa u.	Rektor og kontaktlærar	Kontrollstasjonar for læring, prøver og testar	Refleksjonar i plangruppa etter prøver, testar – ein gong pr. månad.
Elevane får målbart betre res. på prøvane (også N.P.)	Intensivera og styrkja undervisninga (kursing) Nært og godt samarbeid med heimane	Kontaktlærarane	Kapittelprøver o.a. Foreldresamtalar og oppfølgjingar Vurdering for læring	Drøfting av læringsresultat i pl. gruppa 2 gonger pr. semester
Mindre enn 20% av elevane under kritisk grense 1. – 3 kl.				
<i>Barnehagen arbeider målmedvite med tal, form og rom</i>	<i>Læremidlar og variertkonkretiseringsmateriell vert brukt i lek og arbeid med fagområdet</i>	<i>Ass. styrar og ped.leiar</i>	<i>Vert drøfta i personalmøter</i>	<i>Samtalar med born og foreldre haust 11 og vår 12</i>

TILLEGG: a) – LÆRINGSRESULTAT

1. Obligatoriske prøver 2010/11

ÅRSSTEG	LESING	REKNING	TILTAK
1.årssteg – 8 elevar	1,8% u. kritisk g. 62,5% alt rett Snitt i klassen 99,25 Max 105	Ingen u. kritisk g 39,8% alt rett Snitt i klassen 38,9 Max 50	Halda trykket, satsa vidare på lesinga med leseplan og leselos (alle trinn)
2.årssteg – 9 elevar	11.1% u. kritisk g. 19% alt rett Gj.snitt 80,4 rett Max 117 rette	0 u. kritisk g (43) Gj. snitt 57,7 rette Landsgj.snitt 55 r Max 74 rette	1 e. spesielle tiltak i les (PPT), og satsinga held fram.
3.årssteg – 9 elevar	2,8% u. kritisk g 8,3% alt rett Gj. snitt 59,3 rette Max 102 rette.	Max 85 p. Snitt 73,33 p 0 u. kritisk g. (52 p) 58,7% alt rett	Ingen sp. tiltak. Held fram det gode arbeidet.
5.årssteg – 6 elevar	Vasshus 1,7 Klepp 1,9 Landsgj.snitt 2.0	Vasshus 1,8 Klepp 2,0 Landsgj.snitt 2,0	Lesing/matte som satsingsområde, Heim-skule samarbeid. Kompetanseauke i personalet.
7. årssteg – 13 elevar Elevundersøkjinga Trivsel + Oppfølging – (vert å ta opp i vurderingsarbeidet til hausten)	9,9% under kritisk grense (Klepp 21,7) 33% alt rett (Klepp 31,3)		Leseprosjekt bibliotekbruk. Lesing i alle fag Mengdelesing

3.Organisering av drøfting – leseresultat: a) Refleksjonsrundar i kollegiet – plangruppa

- b) Bruk i elevsamtale og foreldresamtale
- c) Tema på klasseforeldremøte
- d) Store avvik- kontakt PPT

4.Implementering av leseplan og leselos: a) Arbeidet lagt inn i årsplan/halvårsplan til klassane

- b) Følgd opp i P- tida kvar månad (refleksjonsrundar og erfaringsutvekslingar.
- c) Lise Helgevold 1/11 Leselos rettleiing
- d) Ein gong pr. månad – Leselos-arbeid.

b) OPPFØLGJING AV UTVIKLINGSSAMTALEN

- **Arbeid med vurdering** – tid sett av i P-tida og samarbeidsavtalar med Bore u.
- **Foreldreundersøkinga, auka deltaking** - nært samarbeid som god tilrettelegging
- **Systematisk refleksjon** – vil nytta ulike element frå prinsippet om lærande organisasjon (t.d. rekkjeframlegg, + før -, alle førebudde, kvalitetskryss o.a.)

-

